

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 19.05.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Trafikktryggingsutvalet gir slikt tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar for 2021:

Kommune	Tildeling (kr)
Tysnes	150 000
Ullensvang	150 000
Ulvik	150 000
SUM	450 000

2. Trafikktryggingsutvalet vil oppmoda kommunane om å vurdera Trafikksikker kommune som eit rammeverk for heilskapleg, breitt og systematisk trafikktryggingsarbeid i kommunen. Kriterium frå godkjenningsordninga kan med fordel verta innarbeidd i planen.
3. Trafikktryggingsutvalet vil vidare peike på viktigheita av at kommunane prioriterer arbeidet med trafikktryggingsplanar. For å lykkast med å nå måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde er me avhengige at kommunane tar ei aktiv rolle i trafikktryggingsarbeidet. Kommunale trafikktryggingsplanar er viktige innspeil til prioriteringar av ts-tiltak på fylkesveg.